

Kjært kor har nytt namn: – Eit eventyr å vera med

Korsongarar frå Hardanger og omland både øvde og heldt konsert i Kvam i helga – med rykande ferskt namn.

Mari Ulvund ulvund@hf.no

– Det er eit eventyr å vera med seier Mali Grete Neergaard Aksnes.

Ho er ein av dei litt over førti medlemene i Hardanger Kor-Akademi, som i helga hadde øvingshelg i Norheimsund. Sun-

dag song dei for kring åtti betalande tilhøyrarar. Aksnes har vore med i koret nesten sidan starten 2009. I ein alder av 77 år er ho ein av veteranane i gruppa.

Medan ho tidlegare har vore fyrstesopran, har ho no teke eit lite steg tilbake.

– No er eg så gamal at eg sa at eg kunne gå over til å vera andresopran, fortel 77-åringen.

Regionalt konsept

Leiar i Hardanger Kor-Akademi, Anne Karin Stormyr, er godt nøgd med helga.

– Songarane gjorde ein veldig god jobb og var veldig stabile, seier ho.

Stormyr har vore leiar i koret sidan det vart stifta i 2008. Då fekk grendekoeret i Jondal ein tanke om å laga eit lite regionkor. Tanken var å samla tre–fire kor som saman kunne ha ein felles arena og skapa noko større.

Koret, som fekk namnet Hardangerkoret, hadde si fyrste samling i 2009. Dei fyrste åra samarbeidde det med Hardanger Folkehøgskule og seinare med Voss Folkehøgskule, der det mellom anna var del av ei såkalla kortkursordning.

Korsongarar frå ulike område har synt interesse for koret, som femner om meir enn berre Hardanger. I fjor hadde det medlemar frå Ullensvang, Ulvik, Eid-

fjord, Voss, Kvam, Kvinnherad, Stord, Bergen og Askøy.

Terpar på stemmene

Aksnes er glad i å syngja, har vore med i fleire kor og har sunge så lenge ho kan hugsa. I tillegg til å syngja i regionkoret er ho aktiv i Kvammakoret.

Sopranen trivst godt i Hardanger Kor-Akademi, der medlemene fire–fem helgar i året treffest for å syngja saman.

På samlingane går dagane med til å øva på stemmer og rytmar og å pugga tekst. Medan nokre songar er kjende for koristane, er andre heilt nye. Då over dei stemme for stemme til songen sit, fortel aksnes.

Songaren snakkar varmt om dirigenten i koret, Per Oddvar Hildre, som er kjend frå mellom anna SKRUK og Det Norske Kammerkor. Ho omtalar dirigenten som grundig og effektiv. Og så har han mykje humor.

– Han får fram så mykje i oss som me aldri hadde trudd me kunne klara, fortel Aksnes.

Bytte namn

Stormyr fortel at dei som var med på å tydeleg fram at koret er eit akademi der songarane kan henta inspirasjon og lærdom.

– Lærdomen kan dei til dømes ta med seg attende til lokalmiljøa og dela med lokale

i koret.

På årsmøtet, også det i helga, bytte koret namn til Hardanger Kor-Akademi. Koret er ifylgje Stormyr ikkje eit ordinært kor; men eit der songarane og dirigentane har ekstra stor interesse for å læra og å skapa noko fint saman. Det skal også vera eit kor som spreier songglede og varettek songtradisjonar, forklarar ho.

Årsaka til namnebytet er eit ønske om å få tydeleg fram at koret er eit akademi der songarane kan henta inspirasjon og lærdom.



Mali Grete N. Aksnes (77) held koken i koret. Ho har vore med nesten sidan starten i 2009. Foto: Sigbjørn Linga



Det regionale koret rommar flest kvinner. Geografisk er songarane betre fordelt. Nærast sit Mari Huse frå Øystese. Foto: Sigbjørn Linga

kor og songarar, seier ho.

Samhald og samvær


Stormyr meiner korsongarane er flinke til å ta vare på einannan. Aksnes samtykkjer og seier at noko av det kjekaste er å syngja saman med andre. Samhaldet i gruppa betyr mykje, fortel ho. Det at medlemene i koret kjem frå ulike bygder og kommunar, omtalar ho som eit stort pluss.

– Me treffer likesinna som har

andre erfaringar, og dirigentar frå ulike kor er med. Då vert det god musikalsk kvalitet i gruppa, seier Aksnes.

77-åringen er usikker på kor lenge ho vil halda fram i kora, men ei stund til vert det.

– Eg kjem til å syngja til eg kjenner at eg ikkje gjer jobben meir. Og så vert eg ikkje fornærma om nokon seier at «no er det nok».



Per Oddvar Hildre har dirigert koret sidan etableringa. Foto: Sigbjørn Linga



Dirigert Per Oddvar Hildre tonesette øvinga lett som ein pielt. Foto: Sigbjørn Linga



Korsongarane hadde ikkje berre Per Oddvar Hildre (i midten) som dirigent da dei øvde i kyrkje søndag førermiddag. Foto: Sigbjørn Linga

Foto: Sigbjørn Linga

Har store planar for M/S «Epos»

Stiftinga Litteraturbåten Epos har overteke båten M/S «Epos».

Bård Valvatne valvatne@hf.no

Dette skriv stiftinga i ei pressemelding. Stiftinga overtok eigarskapen i båten ved nyttår etter å ha jobba for å få det til i eit halvt år.

– Dette gjev oss moglegheta til å utvikla båten vidare som flytande litteraturhus. No er det berre fantasien som set grenser for kva me kan finne på, seier dagleg leiar i stiftinga Maria Pile Svåsand.

Eigenkapitalen er komen inn gjennom folkefinansiering i Spleis, tilskot frå Sparebankstiftinga Hardanger og Vestenfjellske bykreditts stiftelse. Resten måtte lånast.

– Me tek ein sjansje når me låner pengar, men når me ser kor mange som ønskjer dette tilbodet, vel me å ta sjansjen, seier

Svåsand. M/S «Epos» vart bygd av Fjellstrand AS for 60 år sidan. No er båten attende ved vertet. I vår skal den få nokre små oppgraderingar, før den legg ut på turné i samarbeid med biblioteka i Vestland fylke.

M/S «Epos» turnerte vestlandskysten frå 1963 til fylkeskommunen la ned tilbodet i 2020. Våren 2022 løyde Fritt Ord 3 millionar til drifta og opprettinga av ei stifting som skal driva båten. Vestland fylkeskommune løyde 300.000 kroner frå kulturelt utviklingsfond til båten i 2023.

– Me håpar at Litteraturbåten skal vera eit spleiselag mellom kommunar og fylke, og at me kan få ein plass i statsbudsjettet – på lik line med litteraturhusa i dei store byane. M/S «Epos» er eit litteraturhustilbod til distrikta, og målgruppa vår er på om lag ein halv million menneske. Det er trass alt ein stor by i norsk målestokk, seier Svåsand.



M/S «Epos» vitja Norheimsund med forfatter Lars Ove Seljestad om bord i oktober 2022. Foto: Sigbjørn Linga

Får millionar frå Riksantikvaren

Tre fartøyvernssenter får pengar frå Riksantikvaren. Ingen får meir enn Hardanger fartøyvernssenter.

Bård Valvatne valvatne@hf.no

Det er tre nasjonale fartøyvernssenter i Noreg. Desse får til saman 12,5 millionar kroner frå Riksantikvaren i år, står det i ein artikkel på nettsida til Riksantikvaren. Nordnorsk fartøyvernssenter får 2.670.000 kroner, Bredalsholmen dokk og fartøyvernssenter får 3.950.000

kroner, medan Hardanger fartøyvernssenter får 5.955.000 kroner.

I artikkelen vert det opplyst at tilskota er viktige for å sikra eit lagerskeltilbod med kompetanse på tradisjonshandverk. Sentera bidreg til at viktige fartøy vert dokumenterte og at det finst eit tilbod om naudhanna. Fartøyvernssentera har også ei delebankteneste slik at fartøy som treng historiske delar, kan kjøpa desse rimeleg.

– Fartøyvernssentera skal gjerast letare å eiga eit kulturminne som flyt, seier riksantikvar Hanna Geiran.